



Sundagsdansen i Helgheim ved Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland har vore eit vellukka tiltak. Frammøtet har stort sett vore bra, det har kome danseglade frå heile Kvinnherad og til og med nokon frå Odda.

**Og søndag
kveld klokka 19.30 får dei sjansen att!**

Vertskapet lovar å rusta seg med mykje god dansemusikk, ikkje minst frå det livlege miljøet i stroka aust i landet.

Flere frå Kvinnherad opplevde det i Ullensvang for stutt tid sidan då det framifrå dansebandet Contrazt frå Solør var på vitjing der. Berit Harriet har dei på cd!